

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er sendt ut til alle som deltok på møtet, med merknadsfrist 21. desember. Dette er det godkjente referatet frå rådsmøtet 10. desember 2009.

Møtedato: 10. desember 2009

Til stades:

Frå gruppe A – Leiv Egil Breivik, Margareth Hagen, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B - Camilla E. Skalle.

Frå gruppe C - Jan A. Johansen.

Frå gruppe D – ingen møtte.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som referent utan røysterett..

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

McCafferty varsla eit framlegg til alternativt vedtak i sak 6.

Sak 2 – godkjent referatet frå 21. oktober 2009

Referatet er godkjent (sjå www.uib.no/if).

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Instituttet tilbyd i samarbeid med Bergen Konfutse Institutt to hundrenivåemne i kinesisk (KIN101 og KIN102). Instituttet ønskjer ikkje å utvida tilbodet utan at kinesiskfaget får forskingsmessig forankring gjennom faste stillingar ved IF. Våren 2010 vert det likevel gitt to påbyggingsemne som ei eingongsordning (KIN103 og KIN104) p.g.a. at studentane er blitt førespegla dette. Dette vert gjort etter samtalar med leiinga ved UiB og ved fakultetet, og det vert gjort for at studentane som er blitt førespegla ei slik påbygging våren 2010, ikkje skal lida skade. Breivik orienterte om saka, og det er sendt brev frå instituttet til fakultetet om at ordninga med full 100-nivåpakke ikkje kan førast vidare utan forskingsforankring av faget.
- B. Instituttet får to av dei åtte stipendiatstillingane som vert lyst ut ved HF i 2010. IF lyser ut desse to som opne stipend, utan øyremerking. Breivik orienterte om diskusjonen kring ekstern representant i komiteane på instituttnivået. Instituttet har laga utlysingstekst som vert send over til fakultetet straks.
- C. Både Forskingsrådet og UiB sentralt har trekt seg ut av ordninga med smådriftsmidlar. Dermed er det berre fakultetet som held oppe sin del av denne støtteordninga (dvs 30 prosent, medan NFR sine 40 og UiB sine 30 prosent fell bort). Fakultetet ønskjer å løyva 1.1 millionar til smådriftsmidlar i 2010.
- D. Spørsmålet om påskjøning av publikasjonar vart drøfta på eit møte på engelskfaget tidlegare i haust. Breivik melde tilbake til instituttrådet at fakultetsleiinga er klart avvisande til ei ordning der publiseringspoeng gjev individuelle påskjøningsmidlar etter mønster av den ordninga som eksisterer for rettleiing av master- og PhD-studentar. McCafferty ønskte ei ordning med påskjøning av vitenskapleg publisering, medan Koppen og Hagen støtta fakultetet si line.
- E. Uthaug orienterte om det nye NOMA-prosjektet, som har fått 5.2 millionar kroner for å utdanna to studentkull i Bolivia til master i "Educational technologies and digital resources". Prosjektet er eit samarbeid mellom Univalle-universitetet i Bolivia, EAFIT-universitetet i Colombia og UiB. Ana Beatriz Chiquito er leiar av prosjektet.
- F. McCafferty orienterte kort og generelt om søknadene til FRIHUM under Noregs forskingsråd. FRIHUM har denne gongen hatt ein litt større sum å rutta med enn tidlegare. Det er ikkje gitt støtte til prosjekt ved IF.

Sak 4 – Budsjettet for 2010

Uthaug orienterte om rekneskapen så langt i 2009 og om budsjettutsiktene for 2010. Det vart delt ut sakspapir i møtet.

Skagen tok opp spørsmålet om studentane som av oppmeldingstekniske grunnar ikkje har fått lov å gå opp til eksamen ved UiB hausten 2009. Visedekan Jan Oldervoll har lova å følgja opp saka.

Sak 5 – Nye stillingar ved instituttet

I budsjettsaka til fakultetsstyremøtet 15. desember (97/2009) drøftar fakultetsleiinga m.a. stillingsbehova som er meldte inn frå IF. Spørsmålet om tilsetjing av ny professor på arabisk vert dessutan drøfta i ei eiga sak (101/2009). Breivik orienterte rådsmøtet om framlegga frå fakultetsleiinga:

Arabisk: Fakultetsleiinga har lagt fram eit godt og balansert saksframlegg, men ønskjer å utsetja tilsetjingssaka til våren 2010 i påvente av arbeidet med fagdimensjonering ved fakultetet. Det er ikkje rett slik det står i sakspapira, at ei slik utsetjing av sjølv saka er ”i forståelse med instituttledelsen”. Det instituttleiinga er open for, er å utsetja sjølv oppstartsdatoen, men spørsmålet om tilsetjing eller ikkje bør avklarast no. Dette er presisert for fakultetsleiinga og vil bli presisert i styremøtet.

Russisk: Her kan det bli prøveforelesing og intervju av dei rangerte søkjarane i februar 2010. Fakultetet vil ta stilling til sjølv tilsetjingssaka tidleg i 2010, men ut frå økonomien vil det vera vanskeleg med tilsetjing og tiltreding i 2010.

Japansk: Instituttleiinga har tidlegare kontakta fakultetet og bede om at Benedicte Irgens får fast stilling. Fakultetet ønskjer å venta på fagdimensjoneringsarbeidet og koma tilbake til denne saka òg i vårsemesteret 2010.

Latinamerikansk litteratur: Utlysing av fast stilling etter Birger Angvik vil bli vurdert hausten 2010 i budsjettframlegget for 2011.

Engelsk: Spørsmålet om utlysing av stilling på engelskfaget er ikkje med i budsjettdokumentet til fakultetsstyret. Faget ønskjer sjølv å prioritera ei ny stilling i lingvistikk aller høgast. Breivik streka under at engelsk treng ei ny stilling.

Sak 6 – Fordelinga av påskjøningsmidlar

McCafferty la fram eit alternativt framlegg til vedtak, der ”bør øyremerkast” var bytt ut med ”skal øyremerkast”.

Vedtak (samrøystes): Frå og med 2010 blir fordelinga av påskjøningsmidlane ved instituttet endra slik at 50 prosent går til rettleiaren og 50 prosent til fellesføremål ved instituttet. Midlane til fellesføremål skal øyremerkast til forskings- og publiseringssøtte.

Framlegget frå McCafferty hadde dessutan tre tilleggspunkt. Av desse vart dei to første vedtekne samrøystes:

- *Vedtak (samrøystes):* Det utarbeides retningslinjer for vektlegging av forskning og publikasjoner ved behandling av søknader til instituttet om midler.
- *Vedtak (samrøystes):* Ledelsen informerer om fordelingen av instituttets del av påskjønningssmidlene og inntekter som genereres ved publisering (tellekanter).

Det tredje tilleggspunktet vart avvist med sju mot ei røyst (”endringen er ikke permanent, men skal vurderes årlig”).

Sak 7 - Ymse

Ingen saker.

Leiv Egil Breivik,
instituttleder

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef